

# SAK 1            Opning

## **Framlegg til ordstyrarar**

Fredag:

Jarle Fagerheim og Magnus Bernhardsen

Laurdag før dagverd:

Magnus Bernhardsen og Ulrikke Sægrov

Laurdag etter dagverd:

Lokal mållagsmann og Jens Kihl

Sundag:

Magnus Bernhardsen og Terje Kjøde

## **Framlegg til møteskrivarar**

Fredag:

Tone Rossow og Vebjørn Sture

Laurdag før dagverd:

Tone Rossow og Maria Svendsen

Laurdag etter dagverd:

Eva Holthe Enoksen og Ola Haugen Havrevoll

Sundag:

Janne Nygård og Vebjørn Sture

## **Framlegg til landsmøtenemnder**

*Fråsegner og andre vedtak:*

Leif Arne Storset

Eirik Tengesdal

Heidi Rossow

*Økonomi:*

Vebjørn Sture

Synnøve Midtbø Myking

Kristoffer Lim Ersland

*Arbeidsprogrammet*

Jostein Avdem Fretland

Tone Rossow

Emilie Winther

*Strategimål:*

Eva Holthe Enoksen  
Kristin Fridtun  
Torstein Husebø

## **Framlegg til møtebokunderskrivarar**

Kristoffer Lim Erslund  
Kristin Fridtun

## **Framlegg til landsmøteføresegner**

- 1) Utsendingar med tale-, framleggs- og røysterett får kvitt nummerkort. Observatørar og gjester med tale- og framleggsrett får raudt nummerkort.
- 2) Melding til innlegg skjer ved å halde opp nummerkortet. Melding til køyreplanen, landsmøteføresegnene, røystemåten eller anna skjer ved å halde opp nummerkortet med eit blått ark bak. Det vert ikkje opna for replikk.
- 3) Røysting skjer i regelen ved å halde opp nummerkortet. Om ein landsmøteutsending krev det, skal det haldast skriftleg røysting.
- 4) Framlegg skal i regelen setjast fram skriftleg på eigne framleggsark.
- 5) Det skal alltid vere to ordstyrarar og minst ein møteskrivar til stades når møtet er sett. Landsmøtet vel setteordstyrarar og setteskrivarar om det blir naudsynt.
- 6) Landsmøtet avgrensar talartida om det er naudsynt.
- 7) Om det vert knapp tid har utsendingar fyrsterett til talartid framfor observatørar og andre. Dei som har tala lite går føre dei som har tala mykje.
- 8) Ordstyrarane skal passe på at landsmøtedeltakarane held seg til saka, ikkje nyttar ufin omtale, ikkje nyttar for mykje taletid og ikkje bryt landsmøteføresegnene og god møteskikk.
- 9) Landsmøtet er ope for pressa om ikkje landsmøtet vedtek noko anna med simpelt fleirtal.
- 10) Det er alkoholforbod under heile landsmøtetilskipinga, frå møtet blir sett fredagen til møtet blir heva sundagen.
- 11) Landsmøtet kan gjere avvik frå desse føresegnene etter fleirtalsvedtak.